

Advokat Martin Støren
Advokatfirmaet
Postboks 2444 - Solli
0201 OSLO

Dato: 14.03.2017
Vår ref.: 2014/22965-32
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Vedtak om dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36 Leif Mehus m.fl.

Vi viser til vedtak i Hordaland fylkeskommune si klagenemnd av 24.01.2017 som gjeld oppheving av vedtak av 26.11.2013 om avslag på krav om dekning av sakskostnader frå Leif Mehus m.fl. Klagenemnda har send saka til regionalavdelinga for ny vurdering.

Bakgrunn

Advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren klaga på vegne av Leif Mehus m.fl. på fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader. Saka det vart kravd sakomkostningar for er omgjering av vedtak i sak som gjeld løyve etter akvakulturlova til endra plassering og auka areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

I sak om krav om dekning av saksomkostningar vart det fatt slikt vedtak:

"I medhald av forvaltningslova § 36 første ledd finn regionaldirektøren at Leif Mehus m.fl. ikkje har krav på å få dekkja sine sakskostnader etter omgjering av fylkeskommunen sitt vedtak av 31.10.2013. Krav om dekning av sakskostnader frå Mehus m.fl. ved advokat Støren, datert 9.07.2013, blir derfor avslått."

Fylkesdirektør regional utvikling vurderte klaga og fann ikkje grunnlag for å omgjera sitt vedtak om å avslå krav om dekning av sakskostnader.

Det er sendt inn same krav om dekning av sakskostnadane til Kvinnherad kommune. Kravet her er på kr. 226.945,-. Advokaten forutset at kommunen og fylkeskommunen finn ut av kostnadsfordelinga seg i mellom.

Klagesaka vart behandla av klagenemnda i Hordaland fylkeskommune i møte 26.11.2013 sak 35/13 og det vart gjort slikt vedtak: «*Klage frå advokatfirmaet Schjødt v/advokat Martin Støren på vegne av Leif Mehus m.fl. over vedtak om å avslå krav om dekning av saksomkostningar vert ikkje teken til følgje.*»

Etter at vedtaket var fatta og sak ferdighandsama tok Advokatfirmaet Schjødt kontakt med Sivilombodsmannen (SOM) og saka vart teken opp til vurdering og handsaming der. SOM har behandla saka og er ikkje heilt einig i den vurderinga som ligg til grunn for saka i klagenemnda. SOM tok og opp den del av saka som galt Kvinnherad kommune. Denne saka hadde og vorte klaga på og Fylkesmannen har behandla denne.

SOM kom tilbake med uttale i saka i deira sak: 2015/1530. Konklusjonen i saka er følgjande: «*Vilkåret i laksetildelingsforskriften § 30 bokstav d nr. 1.jf. akvakulturloven § 7 om at lokalitet for akvakultur ikkje kan klareres i strid med vedtatte arealplaner var dermed ikkje oppfylt. Fylkeskommunen hadde ikkje materiell kompetanse til å klarere omsøkt lokalitet, og tillatelsen 31. januar 2013 var ugyldig.*»

Det følger av dette at fylkeskommunen ikke kan avslå sakskostnadskravet med grunnlag i unntaket i forvaltningsloven § 36 første ledd om at endringen av tillatelsen «skyldes forhold utenfor forvaltningens kontroll.» Etter denne gjennomgangen er ombudsmannen kommet til at fylkeskommunen ikke kan avslå grunneiernes krav om dekning av sakskostnader med den begrunnelse som er gitt. Klagenemnda bes derfor om å behandle saken på nytt. Sivilombudsmannen ber om å bli holdt orientert om klagenemndas fornyede vurdering.»

Sidan denne saka handlar både om saksomkostningskrav i sak som gjeld Kvinnherad kommune behandla av Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune, fann ein at ein ville avventa Fylkesmannen si vurdering av deira sak. Endeleg svar vart oversendt 01.12.2016 frå Fylkesmannen til fylkeskommunen til orientering.

Fylkesmannen har vurdert å dekkja 20 timar av utgiftene til advokatbistand. Fylkesmannen har ved behandlinga i saka teke kontakt med partene sin advokat med spørsmål om å gjeva ei spesifisert timeliste som meir eksakt viser kva som er gått med av timar til dei ulike delane av arbeidet. Ut frå opplysningane i fylkesmannen sitt brev er dette i liten grad gjort. Det som er sagt er at ca. 70% av timebruken gjeld klage over dispensasjonsvedtaket og 30% til klage over akvakulturtillatelsen.

Ut frå det som er kome fram av Sivilombudsmannen si vurdering av saka kan det synast som om saka bør vurderast på nytt. Ein må ta utgangspunkt i svaret frå ombudsmannen samt det vedtak som er gjort av fylkesmannen.

Fylkesrådmannen meiner at det er mest nærliggjande at denne vurderinga vert gjort av fagavdelinga som kan vurdere kva som har vore naudsynt å nytta advokat til for å få endra vedtaket etter akvakulturlova.

Sivilombudsmannen har i sin konklusjon slått fast at saka må handsamast på nytt av klagenemnda. Sidan det her er naturleg at saka vert gjennomgått på nytt har klagenemnda oppheva sitt vedtak av 26.01.2013 i sak 35/13, og sender saka attende til fylkesdirektør regional for ny vurdering av saksomkostnadskravet.

Regionalavdelinga si nye vurdering

Slik regionalavdelinga ser det må kravet om kostnader som er retta til fylkeskommunen berre vurderast i forhold til fylkeskommunen sitt vedtak i saka. Ordlyden i forvaltningslova § 36 er knytt til eit bestemt forvaltningsvedtak. Fylkeskommunen har ikkje vore involvert i Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak og er heller ikkje hierarkisk overordna kommunen. Fylkeskommunen er soleis berre ansvarleg for egne vedtak, ikkje Kvinnherad kommune sitt vedtak i saka.

I denne saka har fylkeskommunen endra sitt vedtak av 31.01.2013, ved vedtak av 27.06.2013. Omgjeringa er ein direkte følgje av endringa av Kvinnherad kommune sitt dispensasjonsvedtak av 17.01.2012, og er ikkje ein følgje av vanleg klagehandsaming av vedtaket.

Etter fvl. § 36 er det berre kostnader som har vore «*nødvendige for å få endret vedtaket*» som kan krevjast dekkja. Vilåret om at kostnadene har vore naudsynte inneber etter ordlyden eit krav om ein viss årsakssamanheng mellom kostnaden og det at vedtaket blei endra.

Det er utført arbeidet består av sjølvde klagen av 20.02.2013. Denne er på 1 side, og viser hovudsakleg til felles brev til fylkeskommunen, Kvinnherad kommune og fylkesmannen av 28.01.2013. Dette brevet er på 5 sider. I klagen av 20.02.2013 står det at klagar vil kome tilbake med ytterlegare grunngjeving etter dialog møtet mellom partane, og det vart bedt om utsett klagefrist. Utsett klagefrist vart gjeve fleire gonger, den 22.02.2013, 05.03.2013 og 09.04.2013. Sidan Kvinnherad kommune endra sitt vedtak var det ikkje aktuelt å handsama klagen etter akvakulturlova då fylkeskommunen gjorde om sitt vedtak etter akvakulturlova. Spørsmålet blir då om dette arbeidet var nødvendig for at fylkeskommune skulle endre sitt vedtak, eller om det ville ha skjedd uansett.

Fylkeskommunen har vurdert arbeidet med desse skriva som nødvendig for å få endra vedtaket, jf. § 36, men at dette arbeidet berre kan dreie seg om særst få timar då det som vart gjort berre var å ytterlegare utsette klagefristen etter akvakulturlova.

Fylkeskommunen konkluderer med at det i liten grad er grunnlag for dekning av kostnader som er påløpt før kommunen sitt omgjøringsvedtak av 08.05.2013. I brev av 15.05.2017 vert omgjort dispensasjonsvedtak oversend fylkeskommunen. Dette brev er på 1,5 sider der det mellom anna vert vist til at fylkeskommunen tidlegare har sagt at dersom kommunen gjer om sitt vedtak vil fylkeskommunen og gjer om vedtaket etter akvakulturlova slik at det vert samsvar mellom dei to vedtaka. Det er soleis ikkje grunnlag for å hevde at det var trong for legge ned eit omfattande arbeid med å få omgjort fylkeskommunen sitt vedtak.

Hordaland fylkeskommune har gått gjennom tilsend timeliste. For oss er det vanskeleg å seie kva som ligg i dei ulike postane. Hordaland fylkeskommune har vurdert kravet opp mot vilkåra i forvaltningslova § 36 og kome fram til at ikkje meir enn 10 timar advokatbistand er «naudsynt for å få endra» fylkeskommunen sit vedtak.

På bakgrunn av ovannemnde har regionaldirektøren, med heimel i fvl § 36, fatta følgjande vedtak

I medhald av forvaltningslova § 36 første ledd finn regionaldirektøren at Leif Mehus m.fl. har krav på å få dekkja sakskostander med kroner 28547 inkl. mva etter omgjering av fylkeskommunen sitt vedtak av 31.10.2013. Krav om dekning av sakskostnader som har vore naudsynt frå Mehus m.fl. ved advokat Støren, datert 9.07.2013, blir derfor delvis tatt til følgje.

Avslutningsvis ber vi om å få tilsend kontonummer slik at beløpet kan overførast.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Sivilombodsmannen

| | |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN | 14.03.2017 |
| (3) Mottakar (namn og adresse) Advokat Martin Støren Advokatfirmaet Schjødt AS | (4) Klageinstans Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune |
| Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med. | |
| Klagerett | De har rett til å klage på vedtaket. |
| Kven kan De klage til? | Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4). |
| Klagefrist | Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. |
| Rett til å krevjegrungjeving | Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga. |
| Innhaldet i klaga | De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. |
| Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket | Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. |
| Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing | Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. |
| Kostnadene med klagesaka | De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. |
| Klage til Sivilombodsmannen | Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen. |
| Særlege opplysningar | |

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve